

Behandling i Fylkesutvalet - 03.06.2020

Anders Riise (H) fremma følgjande forslag:

«Fylkestinget vedtek å avvise den nye selskapsavtalen for Vigo IKS då denne ikkje er i tråd med andre interkommunale samarbeid som det er naturleg å samanlikne med og då spesielt på kostnadsfordeling.

Fylkestinget ber vidare fylkeskommunedirektøren om å forhandle fram ei endring i selskapsavtalen når det gjeld kostnadsfordeling, slik at ein langt større del av kostnadane blir fordelt etter elevtalet.»

Geir Stenseth (FRP) fremma følgjande forslag på vegner av seg sjølv, Frank Sve (FRP) og Anne Marie Fiksdal (FRP):

Tilleggsforslag:

«En rimelig fordeling for kostnader til systemutvikling og videreutvikling for det enkelte prosjekt bør 30 % av kostnadene deles likt mellom deltakerne og 70 % etter elevtallet.»

Votering:

Det vart votert alternativt mellom tilrådinga frå fylkeskommunedirektør og forslag fremma av Anders Riise. Fylkeskommunedirektøren si tilråding fekk 11 røyster og vart vedteke. Forslag fremma av Anders Riise fekk 2 røyster (H) og fall.

Forslag fremma av Geir Stenseth fekk 9 røyster (KRF, 3FRP, 2SP, 2H, MDG) og vart vedteke, 4 røysta (2AP, SV, V) imot.

Tilråding frå Fylkesutvalet - 03.06.2020

Fylkestinget vedtek forslag til ny selskapsavtale for Vigo IKS.

Det blir lagt til grunn at det blir arbeidd med å foreslå ei endring i selskapsavtalen når det gjeld kostnadsfordeling, slik at ein større del av kostnadane blir delt etter elevtal.

En rimelig fordeling for kostnader til systemutvikling og videreutvikling for det enkelte prosjekt bør 30 % av kostnadene deles likt mellom deltakerne og 70 % etter elevtallet.